

Ein kulturhovding har gått bort

04.09.2009



Slik vil uskedelingane minnast Sigvald Eik - her resiterar han Peer Gynt i Bøkerverkstaden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein kulturhovding i Uskedalen, Sigvald Eik, har gått bort. Han vart 93 år gammal, men var vital heilt til det siste.

Sigvalds formelle skulegang var begrensa til folkehøgskule og jordbrukskule, men han lærte utruleg mykje i livets skule og hadde ein sjeldan, nærmast utruleg, evne til å formidla det til andre.

Sigvald dreiv gard kombinert med strøjobbar for å fø köne og fem barn. Seinare hadde han fulltidsjobb som kvalitetskontrollør ved SØRAL, der han var ansatt i 17 år.

I mange intervju fortalte han om ein oppvekst prega av tronge tider og nødsarbeid.

- Men vi følte oss ikkje fattige for det var likt for dei aller fleste, sa han.

Ved krigsutbrotet i 1940 var han med i kamphandlingane i Valdres. Han kapitulerte 30. april, men vart sluppe fri og kom attende til Uskedalen på sjølvaste nasjonaldagen. Under krigen var Sigvald engasjert med å halda folk i skjul som tyskarane var på sporet etter. Dei arbeidde på garden med falsk identitet.

Sigvald var Venstremann heile livet og var ankermann på lista ved kommunevalet for to år sidan! Han sat i formannskap, kommunestyre og skulestyre, var styremedlem i fylkespartiet og styreleiar i 20 år for Sunnhordland Folkehøgskule.

Skyting og friidrett var andre interesser og han engasjerte seg også sterkt i ungdomslaget og pensjonistforeininga til SØRAL. For Bygdetunet Rød gjorde han ein innsats både på førebuingsstadiet fram til opninga og etterpå.

Då han som 92-åring fekk Kulturprisen for Kvinnherad var det få som i same grad hadde fortent den.

Han var svært aktiv som opplesar, talar, kåsør og kjøkemeister i mange samkome.

Han hadde også poetiske evner og dette er eitt av versa frå songen hans til Uskedalen:

Vi gler oss over alt som er oss unt,
kvar blom og blad og heimetunet lunt,
det frø som veks og mognast kvart år

gjev skaparglede stor for den som sår!

Verset gjøymde nok mykje av livsfilosofien til Sigvald!

Av Ola Matti Mathisen